

Bkk Nett AS  
 Postboks 7050  
 5020 BERGEN

Referanser:  
 Dykkar:  
 Vår: 21/2126 - 21/25007

Saksbehandlar:  
 Are Frøysland Grande  
 are.froysland.grande@alver.kommune.no


Dato:  
 15.04.2021

## Forlegging av høgspenningsanlegg - gbnr 324/143 m.fl Frekhaug

Syner til førespurnad om forlegging av høgspenningsanlegg på gbnr 324/143 mfl. Kommunen legg til grunn at dykk har dei naudsynte privatrettslege rettighetar til å gjennomføre tiltaket. Plan- og bygesak registrerer også at tiltaket er noko justert etter Statsforvaltaren sin uttale knytt til Mjåtveitelva.

Første delen av tiltaket skal etablerast i grenseområde mellom areal avsett til offentleg føremål og LNF-føremål. Resterande del av tiltaket skal i hovudsak leggast i eksisterande bygd veg eller i tett tilknyting til denne. Plan- og bygesak har ingen merknad til tiltaka så lenge ein tek omsyn til merknadane frå regionale mynde og har dei naudsynte løyve (for eksempel graveløyve).

For dei skapa som er planlagt oppsett, må tiltakshavar vurdere om det er naudsynt med dispensasjon frå arealføremålet for dei skapa som ligg på LNF-område. I hovudsak ser dette ut til å gjelde skap vist under.



Vi minner om at ein søknad om dispensasjon må nabovarslas aktuelle naboar.

Sjølve tiltaket er naturlegvis unnateke søknadsplikten jf. SAK § 4-3 fjerde ledd.

**Kulturminne**

Det er ikkje registrert kulturminne langs ynskja trase. Dette er sjekka mot [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no). Plan- og bygningsmyndighetene gjer likevel merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i under grunnen eller groper, steinsettningar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020 BERGEN